

## Utbygging av datasenter på Kalberg.

Me er 250 landbruksforetak som driv 425 landbrukseigedommar i Time. Det er totalt 413 personar som har sitt arbeid direkte på gardane, og desse utfører 450 årsverk. Det er ei verdiskaping på gardsnivå på 260 mill kr. Jorda, arbeidet vårt, alle dei tjenestane me hyrer inn for å halda drifta i gang, gjer dette til ein av dei mest produktive landbrukskommunane i landet. Me driv 81 000 mål, og storleiken på Time kommune er 171 000 mål. Dvs det er areal nok til anna næring, ein treng slett ikkje ta av jordbruksareal.

På Kalberg i Time er det under planlegging eit datasenter som har eit arealbehov på ca 1800 mål.

Dette er i all hovudsak dyrka jord og innmarksbeite. Eg vil visualisera kva dette arealet betyr i husdyrproduksjonen. All husdyrproduksjon i Norge har eit arealkrav av omsyn til miljø og forureing. Arealet på Kalberg tilsvarer nesten same areal som det som trengs til 5 slaktegriskonsesjonar , dvs 10 500 slaktegris eller rett under 900 000 kg svinekjøt. Det er ein svinemiddag til alle som et gris i dette landet. I tillegg er det beite og grovfor nok til 300 til 400 storfe ved normal drift.

Konsekvensutgreiinga frå Norconsult skildrar korleis utbygginga vil ha omfattande, negative konsekvensar for til dømes dei føreslåtte naturreservata ved Frøyland og Kvitemyr. Utgreiinga lyser rødt på alt som har med landbruk, naturlandskap og biologisk mangfald å gjera.

Time Bondelag vil gjerne ha greie på kvifor anlegget må liggja akkurat her, kvifor det ikkje kan flyttast nokre kilometer eine eller andre vegen. Er det slik at storkapitalen ved å leggja eit utilbørleg press i form av gullkanta avtalar med nokre grunneigarar, skal kunna bestemma kor i kommunen ein skal ha næringsetablering. Er det ikkje våre folkevalgte som skal bestemma dette til beste for alle i kommunen ?

Norsk landbruk har fått ei bestilling frå stortinget på 20 % auka matproduksjon innan 2030. For å kunna imøtekoma denne bestillinga trengs kvar einaste kvadratmeter med jord, me må ta høgare avlingar og me må arbeida smartare. Vår fabrikk er matjorda, den må utvidast, ikkje nedleggjast.

Norsk landbruk er definert som ei samfunnskritisk viktig næring, og me har vist nå under pandemien som pågår at me kan levera. Globalt fører den pågåande epidemien til auka matmangel og uro, Det er ikkje utan grunn at world food program i år fekk Nobels fredspris. I den forbindelse uttalte statsminister Solberg at ein forventar rein svoltkatastrofe i fleire land enn tidlegare, særlig der infrastrukturen er dårleg utbygd.

Me må tenkja heilt nytt når det gjeld næringsutvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Datasenteret på Kalberg vil ha eit årsforbruk på 5 twh , det doble av Stavangers forbruk. Det meste av næringsliv skal leggja om frå fossil til grøn energi. Også lanbruket. Behovet for el kraft vil med andre ord gå kraftig opp. I førre veke la Statnett fram sin langsiktige marknadsanalyse som viser at kraftbehovet blir betraktelig større enn tidlegare antatt dei neste åra. Dette vil føra til meir utbygging av vindkraft og høgare straumprisar for både private og næringsliv. Ein må stilla spørsmål om det er rett at store IT konsern, som er blant verdas rikaste skal sponsa med norsk grøn energi til spotpris. Kva om andre

næringar kunne fått kraft til same pris, kor mange nye arbeidsplasser kunne ikkje det skapt ? Og når ein på toppen veit at all utbygging skal betalast av dei som brukar straum, må ein spørja seg kor mykje folk flest skal betala ? Kor mykje norsk natur skal byggjast ner ? Berre fordi amazon, google og facebook med andre skal få billeg straum ?

For eit godt år sidan inngjekk Norges Bondelag ein klima-avtale med regjeringa. Norsk landbruk skal mellom anna kutta co2 utsleppa med minst 40 %. For å få til dette må mykje av næringa elektrifiserast. Det samme gjeld dei fleste norske produksjonsbedrifter. Då treng ein som kjent straum. Vil det i det heile bli straum nok til privathushaldningar, landbruk og andre næringar? Eit anna viktig poeng er om det er rett at ein industri som skal samla inn opplysningar om deg og meg for å tilpassa reklame, skal få store subsidiar på krafta, mens anna næring skal betala full pris ? Ingen kan på nokon måte påstå at dette er bærekraft.

85 % av elkrafta går ut at som varme. Denne varmen må nyttast. Her vert drege fram mellom anna fiskeoppdrett på land, produksjon av insekt og andre høgtfykande idear. Me ser at utbyggjar blant anna dreg fram biogass og veksthus i eit forsøk på å grønvaska prosjektet.

Biogass på Kalberg er ein særst dårleg ide. Her snakkar me om eit anlegg som skal ta imot store mengder husdyrgjødsel, næringsmiddelavfall og slakteavfall frå fiskeindustrien. For å setje dette litt i perspektiv: Tine sitt planlagde anlegg skal ta imot 500 000 tonn flytande gjødsel kvart år, dvs 100 vogntog inn og 100 vogntog ut kvar einaste dag med illeluktande gjødsel. Kven vil arbeida og ikkje minst bu i nærleiken av eit slikt anlegg. Ein skal leggja merke til at i Hå er det eit krav at biogass anlegg skal plasserast på grødelandssida av rv 44, det er heilt uaktuelt å leggja dette i kviamarka, eller med andre ord næringsmiddelsida. Pr dags dato er det kun ressursar til EIT biogass anlegg på Jæren.

Skal ein nytta varmen til veksthus, må ein auka arealet under glas frå dagens 500 dekar til 10 000 dekar. Kor skal dette arealet takast, og ikkje minst kva skal produserast ? Det veksthusarealet som er i Rogaland er tilpassa markedet. Det er ikkje rom for meir. Det er viktig å få med seg at 80 % av energien i eit veksthus går til Lys, kun 20% varme.

Ei utbygging på Kalberg vil føra til eit massivt overvassproblem i Frøylandsvatnet. Frøylandsvatnet er meir enn overbelasta som fordøyningsbasseng frå før . Grunneigarar rundt vatnet har problem allereie i dag med å drenera jorda, og hevdar at vannstanden er ca 40 cm høgare enn for 40 år sidan. Det er svært begrensa kor langt ned ein kan ta vannstanden om sommaren pga jernbanen. Vert vannstanden for låg, er det iflg jernbaneverket fare for at sporet langs vatnet kan rasa ut. Overvassproblemet gjeld gjennom Bryne og heile Orrevassdraget. Tusenvis av mål bruker no veker i staden for dagar på å tørka ut. Her ligg ei udetonert bombe, me snakkar 10 tals millionar.

Ei av hovudsakene i riks -nyhetene Måndag morgon var det aukande overvassproblemet. Overvatn fører årleg til skadar for over 1,5 milliardar, og Rogaland var av dei aller mest utsette områda. Overvatn fører no til større skade enn all annan flaumskade. De kjenner alle til Rossaland.

Eg registrer at Stavanger og Sandnes er i lommen for å dra opp regionskortet. Begge kommunar vil bidra med å ta ut nokre hundre mål dyrka jord som ligg inne i deira planar dersom ein får eit anlegg på Kalberg som Lyse får levera straum til. Eg vil minna om at Stavanger eig 43% av Lyse, Sandnes 20, og Time under 6%. Kven får den store gevinsten her ?

Skal ein først begynna og dra regionkortet, må ein dra det heilt opp, tenkjer Hetlandskogen i Bjerkreim/Eigersund eller Gismervik i Nordfylket. Tenk å kunna plassera dette på uproduktivt areal, samstundes som ein spara matjord både i Time, Sandnes og Stavanger.

Og tilslutt herr Ordførar: Matjord er mykje mykje meir enn der det veks grønnsaker ein sesong.